



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets President

Karl Johansgate 22
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

20/272-

7. februar 2020

Svar på skriftleg spørsmål nr 814 frå stortingsrepresentant Helge André Njåstad til samferdselsminister Knut Arild Hareide

Spørsmål:

"Korleis har utviklinga på ferjepriser vært på riks- og fylkesvegnettet etter forvaltningsreformen til regjeringa Stoltenberg, der fylkeskommunen fekk auka ansvar for ferjedrift?"

Svar:

Auke i ferjekostnad for dei reisande kan skrive seg frå årleg prisauke i takstregulativa, auke i mva. og oppjustering av sonetilknytning for enkelte ferjesamband. Overgang frå Riksregulativ for ferjetakstar til AutoPASS-regulativ for ferjetakstar kan gje både kostnadsauke og kostnadsreduksjon, sjå forklaring nedanfor.

1) Prisutvikling og auke i mva. i ferjetakstregulativa

Prisutviklinga i Riksregulativet for ferjetakstar og i AutoPASS-regulativet for ferjetakstar, og justering av mva., har dei siste 15 år vore slik:

År	Endring i takst	Mva-sats
2020	3,2 %	12%
2019	2,7 %	12%
2018	2,4 %	12 %
2017	7,8 %	10 %
2016	2,9 %	10 %
2015	4,1 %	8 %
2014	3,5 %	8 %
2013	3,3 %	8 %

2012	3,1%	8 %
2011	3,1 %	8 %
2010	3,2 %	8 %
2009	4,4 %	8 %
2008	4,3 %	8 %
2007	3,8 %	8 %
2006	3,0 %	8 %

Statens vegvesen opplyser at så langt det kjenner til er pristabellane, med takstgrupper og takstsoner, som er nytta på riksvegferjesamband og dei fleste fylkesferjesamband, justert i samsvar med dette. Per i dag vert det ikkje ført noko samla oversikt over prisutviklinga i fylkesferjedrifta, men Statens vegvesen har samla inn opplysningar om utviklinga i fylka Rogaland, Møre og Romsdal og Nordland.

2 Endra sonestjning

I det nasjonale samarbeidet har de vore rom for lokal prisjustering ved å endre sonestjning for det enkelte sambandet. Ei kartlegging viser slike endringar i sonestjning for perioden:

2.1 Rogaland

2018 og 2019

Prisane for fylkesvegferjesambanda vart mellombels oppjusterte i 2018 og 2019 med ei takstsoner. Sonestjninga vart tilbakejustert i 2020.

2.2 Møre og Romsdal

01.01.2018

Påslag på to takstsoner på alle sambanda som då var på bruttoanbud - med unntak av Larsnes-Åram-Voksa-Kvamsøya. Det gjeld følgjande samband:

- 02 Årvika-Koparneset
- 06 Hareid-Sulesund
- 08 Volda-Lauvstad
- 21 Skjeltene-Lepsøya-Haramsøya
- 22 Brattvåg-Dryna-Fjørtofta-Harøya
- 36 Åfarnes-Sølsnes

Sommarperiode 2018 og 2019

Desse sambanda har hatt påslag på to takstsoner i åra 2018 og 2019 på sommaren for å finansiere fleire ferjer på rutene:

- 14 Stranda-Liabygda og
- 15 Eidsdal-Linge

01.01.2020

Bruttosamband i fylket elles fekk påslag på to takstsoner:

- 09 Hundeidvika-Festøya
- 12 Sæbø-Leknes

- 13 Magerholm–Sykkylven
- 14 Stranda–Liabygda
- 15 Eidsdal–Linge
- 16 Standal–Trandal–Sæbø–Skår
- 30 Solholmen–Mordalsvågen
- 31 Aukra–Hollingsholmen
- 34 Molde–Sekken
- 46 Kvanne–Rykkjem
- 49 Arasvika–Hennset
- 50 Seivika–Tømmervåg
- 54 Edøya–Sandvika

2.3 Nordland

2018

Alle strekningar på fylkesferjesamband med påslag ei sone.

2020

Fylkeskommunen fatta først eit vedtak om at alle strekningar på fylkesferjesambanda skulle ha påslag på mange soner som i sum skulle gje om lag 25% i prisauke. I januar 2020 gjorde fylkeskommunen eit nytt vedtak om reversering av påslag av takstsoner til 2019-nivå, men med sommarprisar som ligg inntil 20 % høgare pr strekning.

2.4 Riksveg

2018

Desse riksvegferjesambanda fekk påslag på to soner frå 2018 ved oppstart av nytt anbud og innføring av AutoPASS-regulativ:

- Drag - Kjøpsvik
- Bogenes-Skarberget

3 Overgang til AutoPASS-regulativ

Ved overgang til AutoPASS-regulativ på eit ferjesamband fell passasjerbetalinga bort. Ved utvikling av AutoPASS-regulativet var det krav om provenøytralitet og inntektsbortfallet for passasjerar vart fordelt på dei ulike køyretøyklassene ut frå ein nøkkel som står i høve til tal passasjerar i dei ulike køyretøyklassene.

Om det blir dyrare eller rimelegare etter overgang til AutoPASS-regulativ er altså mellom anna styrt ut frå oppfyllingsgraden av passasjerar i køyretøyet. T.d. har overgangen for "bil <6m" medført ein takstauke rundt 30 %, men alt ved 1 passasjer i bilen i tillegg til førar er det stort sett rimelegare enn før.

Overgangen fra Riksregulativ for ferjetakstar til AutoPASS-regulativ for ferjetakstar på ferjesamband har vore slik:

Fylke	Samband	Vegtype	Oppstart
Sogn og Fjordane	Vangsnes-Hella-Dragsvik	Riksveg	2016
Sogn og Fjordane	Mannheller-Fodnes	Riksveg	2016
Hordaland	Krokeide-Hufthamar	Fylkesveg	2018
Hordaland	Husavik-Sandvikvåg	Fylkesveg	2018
Nordland	Drag-Kjøpsvik	Riksveg	2018
Nordland	Bognes-Skarberget	Riksveg	2018
Sogn og Fjordane	Anda-Lote	Riksveg	2018
Hordaland	Halhjem-Sandvikvåg	Riksveg	2019
Rogaland	Mortavika-Arsvågen	Riksveg	2019
Hordaland	Masfjorden - Duesund	Fylkesveg	2019
Trøndelag	Flakk-Rørvik	Fylkesveg	2019
Trøndelag	Brekstad-Valset	Fylkesveg	2019
Møre og Romsdal	Volda-Folkestad	Riksveg	2020
Møre og Romsdal	Solevåg-Festøy	Riksveg	2020
Hordaland	Leirvåg - Sløvåg	Fylkesveg	2020
Hordaland	Fedje - Sævrøy	Fylkesveg	2020
Hordaland	Langevåg – Buavåg	Fylkesveg	2020
Hordaland	Hatvik - Venjanaset	Fylkesveg	2020
Hordaland	Halhjem - Våge	Fylkesveg	2020
Hordaland	Skjersholmane - Ranavik	Fylkesveg	2020
Hordaland	Jektevik - Nordhuglo - Hodnanes	Fylkesveg	2020
Hordaland	Gjermundshamn - Varaldsøy – Årsnes	Fylkesveg	2020
Hordaland	Jondal - Tørvikbygd	Fylkesveg	2020
Hordaland	Klokkarvik - Lerøy - Bjelkarøy - Hjellestad	Fylkesveg	2020
Hordaland	“Fjelbergsambandet“	Fylkesveg	2020
Hordaland	Kvanndal – Utne	Fylkesveg	2020
Hordaland	Kinsarvik – Utne	Fylkesveg	2020
Hordaland	Skånevik - Matre - Utåker	Fylkesveg	2020

Med helsing

Knut Arild Hareide

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskreven signatur.

Kopi
Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Statens vegvesen